



Tingvoll, 22.2.2023

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
v/Ålesund kommune
postmottak@alesund.kommune.no

KLAGE – VEDTAK OM BYGGING AV FURUVEGEN II PÅ HILDRE

Dykar ref. 21/8450-4 23/13354

Vi viser til vedtak av 2.2.2023, journalført ut 6.2.2023. Vi blei kjent med saka 17.2.2023.

Naturvernforbundet klagar på dette vedtaket. Vi meiner det er gjort vesentlege sakshandsamingsfeil og at søknaden må avslåast.

Naturvernforbundet kan gjere nærare greie for vår klagerett, på førespurnad.

Naturvernforbundet i Ålesund og omegn og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har avtala arbeidsfordeling for denne typar saker.

Kunnskapsgrunnlaget

Det er naturleg og nødvendig å ta utgangspunkt i Naturbase og Artskart. Dette er databasar som seier noko først om det er gjort kartleggingar som er lagt inn i basen.

Naturbase

Naturbase er basert på kartlegging sist kring 2005. Det er opplyst ein del om kva som er kartlagd: «Når det gjeld naturtypar, er det særleg betydeleg del av myr- og hei-områda som er dårleg kjent.».

For kulturlandskap står det: «Kunnskapsstatus for naturbeitemark er middels, for kystlynghei gjennomgåande dårleg til middels.»

For myr står det: «Haram har særleg i ytre strok betydelege myrområde. Her vantar data om naturkvalitetar for ein del område. Naturtypen må seiast å vere middels godt kartlagt, på den måten at ein kjenner brukbart dei største og kanskje viktigaste lokalitetane.»

Dette tilseier at ein veit ein del om område som er kartlagd. Det kan oppsummerast med at ein i 2005, for snart 20 år sidan, konkluderte med at det er kystlynghei i ein del av området i nordaust. Verdien er vurdert å vere C – lokalt viktig som følgje av manglande bruk/attgroing. På 20 år kan mykje endre seg, i bae retningar, så ein er nøydd til å ta litt atterhald om det ved bruk av opplysningane.

Om areal som ikkje ligg i område med naturtype veit ein ikkje noko. Det kan vere noko som på den tida ikkje skulle kartleggast, eller det kan vere at kartleggar ikkje har vurdert området. Rapporten avklarar ikkje dette. Ein må difor ta som utgangspunkt at arealet ikkje er kartlagd.

Artskart

Når det gjeld Artskart ser ein at det er gjort ei kartlegging av irsk myrklegg på austsida av Hildrevatnet. I vegtraseen og omliggande område er det ikkje observasjonar. Det kan anten tyde at det

finst irsk myrklegg og nokre få artar på austsida av Hildrevatnet, og elles er det is eller ørken. Eller det kan tyde at det ikkje er gjort registreringar i området. I det siste alternativet må ein ta høgde for at det kan vere artar som ein må ta omsyn til.

Ein må vurdere kunnskapsgrunnlaget, og då er det klart at ein har lite kunnskap om både artar og naturtypar i området. Dette kan ikkje avhjelpast på annan måte enn med ny kartlegging.

I vedtaket blir det opplyst at det i området er mykje torvmark med 0,5 til 1 meter tjukk torv. Det er ikkje gjort noko forsøk på å seie kva naturtype dette er. Det kan til dømes vere terrengdekkande myr. «*Vannsyk torvmark*» som det står i vedtaket er ein heilt ukjent naturtype i NiN-systemet. Det kan også vere kystlynghei i området, meir enn det som er kartlagd frå før. Terrengdekkande myr er oppført på raudlista som VU Sårbar, kystlynghei er EN Sterkt truet. Kystlynghei kan i tillegg vere ein utvald naturtype om kvaliteten tilseier det.

Aktuelt skogbruk

Det er kryssa for 100% skogbruk i søknadsskjemaet. Når vi ser på flyfotoet legg vi merke til at det er mykje brunt, dvs. myr og hei, og lite grønt som kan vere skog. Nesten all den moglege skogen ligg i vernskogsoner. Vi kan vanskeleg tenkje oss at det kan hoggast mykje på ein gong i denne vernskogen. Ganske mykje av skogen er dessutan nær bekkar der det skal stå igjen kantsoner ved hogst, etter PEFC-standarden.

Det er sagt noko om planting av skog i søknaden og vedtaket. PEFC-standarden har ein del reglar om skogreising/treslagsskifte:

Kravpunkt 20. Skogreising og treslagsskifte

Kravpunktet skal sikre at skogreising og treslagsskifte i skogreisingsstrøk gjennomføres slik at tiltakene gir klimagevinst og skaper grunnlag for framtidig verdiskaping, samtidig som hensynet til andre miljøverdier ivaretas.

Krav

Skogreising og treslagsskifte skal gi grunnlag for et langsiktig lønnsomt skogbruk. Tiltakene skal ikke gjennomføres i områder uten eksisterende eller framtidige lønnsomme driftstekniske løsninger. På øyer og langs fjordarmer i ytre kyststrøk skal det ikke skje skogreising eller treslagsskifte i områder uten innslag av gamle plantinger.

Utforming av plantefeltene skal tilpasses landskapet. Det skal legges vekt på å skape myke overganger mellom granskogen og områdene rundt. På eiendommer der det er grunnlag for en betydelig lauvskogandel skal en sikre minimum 20 % lauvinnslag på eiendommen.

I ytre del av Haram, vest for Hildrevatnet, er det lite planting å sjå på flyfotoet. Viss formuleringa skal ha eit reelt innhald, må det tyde at PEFC-standarden ikkje tillet skogreising i dette området. Det er vanskeleg å sjå at ein i dette området kan få ein furuskog som gjev overskot som kan dekke opp for kostnaden med vegen og plantinga.

Vidare frå PFEC-standarden:

Videre skal det ikke skje:

- Skogreisning på åpen røsslynghei.
- Treslagsskifte på furumyrskog på Vestlandet.

Før det er kartlagd kan ein ikkje sjå bort frå at det er ope røsslynghei i delar av området. Viss det er naturleg førekomande bartre i dette området, må det vere tale om furu. Det vil ikkje vere mogleg å byte den til gran.

Eksisterande veg

Det går ein eksisterande bilveg på austsida av Hildrevatnet. Vegen ender i lia sør for Hildrevatnet. Det følgjer av landbruksvegforskrifta § 1-1 at ein skal «sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger». Dette spørsmålet er ikkje vurdert i denne saka. Viss det vil gå hundre år frå planting av furu til det kan bli tale om hogst, så bør det vere greitt å bruke noverande veg kombinert med gange. Å investere nærare 2 millionar no, som ein ikkje får inntening på i nemnande grad på mange tiår, bruker å bli rekna som dårleg forretning.

Det er elles fleire tema ein skal ta omsyn til nemnt i den same paragrafen: «*Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv*». Vedtaket har ein del manglar på dette området. Det er i søknaden kryssa av nei på friluftsliv. Vi kan ikkje forstå at dette området ikkje blir bruka til friluftsliv. Vegen vil for ein del gå i område utan tre og dermed bli ganske synleg i landskapet.

Ein del bønder klagar på dårleg lønsemd i landbruket. Vi vil minne om at ein som bonde ikkje er pliktig til å bygge ulønsame skogsvegar. Viss ein har 2 millionar som ein kan setje i banken, så kan ein no få kr 60 000 i rente. Viss ein bygger veg og vedlikehalder traktor og vedutstyr og vil ha litt timebetalt for jobben, kjem ein til å betale nokre titusen kroner årleg i mange år. At bønder skal gå konkurs samtidig som dei reduserer naturverdiene i området, er det inga meining i.

Vegstandard

Det er søkt om og gjeve løyve til vegklasse 8, lett traktorveg. Det var også vegklassen som det blei gjeve løyve til for Furuvegen I. Vi trur ikkje den ferdige vegen samsvarar med dette. Vegen på biletet, Furuvegen I, ser ut til å ha breidde 3,5 m, og vil då vere vegklasse 7, minimum. Etter at biletet blei tatt er vegen grusa opp til bilvegdekke. Dette er vesentleg meir veg enn ein som kan køyrast med traktor utan tilhengar.



Bilete: Furuvegen I. Breidda ser ut til å vere nærare 3,5 m, og overflata er i ferdig tilstand køyrbar med bil.

Viss vegen faktisk har ein høgare standard enn det som gjeld i løyvet, vil inngrepet i naturen bli større enn det som er handsama. Når standarden t.d. mogleggjer bilkøyning, vil dette kunne auke bruken ganske mykje, og dermed den negative verknaden. Kostnaden på Furuvegen II peikar i ein annan retning enn enkel traktorveg. Når løyvet gjeld vegklasse 8, må standarden vere vesentleg lågare enn det vi ser her for at vegen er i samsvar med søknad og løyve.

Planleggar og habilitet

Det går fram av søknadsskjemaet at Kolbjørn F. Snekvik er planleggar for vegen. Sakshandsamar heiter det same. Tyder det at landbruksavdelinga i Ålesund kommune tilbyr vegplanlegging for skogeigarar? Ålesund kommune har eit omfattande gebyrregulativ. Vi fann gebyr på mykje anna, men ikkje på planlegging av skogsveg. Tyder det at planlegginga skjer utan at kommunen tar seg betalt for det? Viss vegplan ikkje er ein del av Ålesund kommune sitt tilbod, har vi då å gjere med at ein kommunal tenesteperson er sakshandsamar i saker som han sjølv har deltatt i tilrettelegginga av for søkjar?

Krav om oppsetjande verknad av klaga

Så snart ein sett ei gravemaskin i det aktuelle området oppstår det inngrep som er irreversible. Vi krev difor at klaga får oppsetjande verknad.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær